

Referat frå møte 14.02.2017, kl 20.00 på Fogn oppvekstsenter.

Desse møtte: Harald Bøe, Ingeborg B. Rolfsen, Kathrine Flesjå, Kristoffer Østhush, Arnstein Bøe, Merete M. Kindingstad.

Sak 1: Fiber på Fogn

Gisle Torgersen og Jon Olav Runestad var med som informantar i denne saka.

Lyse har fått fiber til Fogn, og det vil vera ein god sjanse å få dette til sjølve Fogn også. I andre mindre bygder har dei fått fiber frå Lyse – der bygdene sjølv har vore med i prosessen å få dette fysisk på plass. Dugnad altså. Dette bør det vera ein sjanse for at Fogn også kan få til. Det må vera ei interesseliste på plass før Lyse jobbar vidare med dette. Om dette blir gjennomført vil dei som vil nytta seg av fiberen måtta binda seg eitt år. Det er billegare å ha både tv og internett, enn bare internett med tanke på tilknytningsavgifter.

Kommunen vil truleg kunna bidra med midlar.

For å koma vidare vil Kristoffer og Arnstein organisera ei interesseliste. Håvard vil bli spurt om å leggja noko ut på Fogn.org.

Gisle spør om prosjektleiaren vil koma på årsmøtet for å informera om prosjektet.

Ordføraren må også inviterast til årsmøtet.

Kristoffer/Arnstein tek seg av å invitera ordføraren, gir Gisle dato for årsmøtet slik at han kan organisera Lyse og prosjektleiaren, samt organiserer nyheit til Fogn.org v/Håvard og interesseliste over kven som kan vera interessert i fiber frå Lyse.

Sak 2: Annonsørar Fogn.org

Merete og Arnstein får ein skikkeleg oversikt over annonsørar/betalt-ubetalt/annonser osv.

Det er kome ynskje om at for eksempel Kristian Iversen blir med i Fogn.org -evt tek over dette. Styret meiner at dette bør gå bra -men vil gjerne at Håvard Ø. blir med som ein «fadder» i ein overgangsperiode.

Sak 3: Visningsdagen

Pr. nå ingen direkte resultat av visningsdagen. Kanskje oppfølgingsgruppa bør ha eit møte og sjå kva som blir gjort – kunne vore gjort?

Kristoffer skal ta kontakt med Hjelmeland Sparebank for å krevje inn sponsormidlar. Merete sender kontonummer for innbetaling.

Viss det skal lagast ein økonomisk oversikt, må det leverast inn kva dei enkelte bedriftene har støtta med. Merete har kun to fysiske rekningar i sitt rekneskap – det er buss- og båtutgiftene.

Sak 4: Årsmøtet

Dato: onsdag 29. mars, kl 18.30 (dette passar godt med ferjer)

Årsmelding: Håvard skriv årsmelding

Rekneksap: Merete får revidert rekneskapet

Gjesteinnslag: Gisle høyrer om prosjektleieren i Lyse kan vera med og informera om fiber-saken.
Kristoffer inviterer ordføraren og informerer Gisle om årsmøtedato

Plakat – info Fogn.org- tidsfrist evt. Saker: Kathrine utformar ein god plakat med fristar, gevinst til lotteriet osv, Håvard får dette ut på Fogn.org

Servering: Arnstein bestiller pizza frå Finnøy. Merete kjøper kaffi, twist. Fruktfat – kan Joar, Ingeborg og Arne ordne med frukt

Lodd: Merete ordner lodd og veksel. ALLE tek med gevinst.

Kjøreplan: Kristoffer har kontrollen på kvelden

Kommentar fra årsmøtet 06.04.16:

Ottar Sandanger tok ordet og lurte på dette med varamedlem vald for 2 år. Det er vanleg at varamedlemmer blir valde for 1 år. Det viser seg at i vedtekten til Grendalaget står det at vara skal inn for 2 år. For å endra dette må det opp ei vedtektsendring, og det må eventuelt gjerast på årsmøtet.

Dette må det dermed lagast sak av til årsmøtet. Håvard – kan du og Kristoffer utforme noko til kjøreplan/sakliste?

Alle er med på rigging/rydding/koking av kaffi osv. Nærare beskjed kjem.

Val: Valnemnda må jobbe med dette.

Desse går ut:

Kristoffer

Harald

Kathrine

Merete

Arne

Desse har 1 år igjen:

Ingeborg

Arnstein

Joar

Håvard

Revisor må ordnast kvart år.

14.02.17

Merete - ref

